

Klubbhandbok for Syril fotball



1. Føremål med klubbhandboka	5
2. Informasjon om Syril	5
3. Klubben sine lover	5
4. Vision, mål og verdigrunnlag og Fair Play	6
4.1 Vision	6
4.2 Verdjar	6
4.3 Målsetting	7
4.4 Fair Play	7
5. Fotballgruppa si organisering	8
5.1 Årsmøte	8
5.1.1 Valkomite og revirsjon	8
5.2 Fotballstyret	8
5.3 Fotballstyre sine funksjonar	9
5.3.1 Leiar	9
5.3.2 Nestleiar	9
5.3.3 Sportsleg leiar	10
5.3.4 Leiar miniputt	11
5.3.5 Leiar aldersbestemt	11
5.3.6 Leiar senior	11
5.3.7 Arrangementansvarleg	12
5.3.8 Økonomiansvarleg	12
6. Rutinar klubbdrift	12
6.1 Anlegg	12
6.2 Arrangement	13
6.2.1 Heimekampar	13
Kampvertar	13
Kioskdrift	13
Billettosal	13
6.2.2 Andre arrangement	13
6.3 Alkohol	14
6.4 Buss	14
Trafikkultur	14
6.5 Beredskap	15
Varslingsplan på bana	15
Ved alvorleg bilulukke	15
Medlemskontingent og treningsavgift	15
6.6 Forsikring	16
6.7 Informasjon og kommunikasjon	16
Facebook	16
Spond	16
Publisering av bilete	16
6.8 Konflikthandtering	17
6.9 Klubbkolleksjon/Materiell	17

6.10 Politiattest	17
6.11 Økonomistyring	18
Budsjett	18
Økonomirutinar	18
7. Rekrutteringsplan	18
7.1 Planlegging	19
7.2 Første møte med klubben	19
7.3 Oppfølging	19
7.4 Inkludering	20
7.5 Etterrekruttering og tiltak for å behalde spelarar	20
8. Dommarutviklingsplan	21
8.1 Rekruttering av dommarar	21
8.2 Oppfølging og kurs	21
9. Utdanning og kompetanse	21
9.1 Mål leiarutdanning	21
9.2 Mål trenarutdanning	21
9.3 Mål dommarutdanning	22
9.4 HLR (Hjerte-lunge-redning)-kurs	22
10. Treningstider	22
11. Kampoppsett	22
11.1 Flytting av kampar	22
12. Samarbeid med andre klubbar	23
Cupar	23
Trening med andre klubbar utanom og i sesong	23
Permanent overgang	23
13. Beskrivingar av klubbrollar	23
13.1 Trenar	23
13.2 Lagleiar	23
13.3 Kampvert	24
13.4 Dommar	24
13.5 Trenarrettleiar	24
13.6 Dommaransvarleg	24
13.7 Dommargruppe	25
13.8 Rekrutteringsansvarleg	25
13.9 Sportsleg utval	25
13.10 Anleggsansvarleg	26
13.11 Fair play ansvarleg	26
13.12 Kvalitetsklubbansvarleg	26
13.13 Miniputtgruppa	26
13.13.1 Utstyrsansvarleg miniputt	26
13.13.2 Turneringsansvarleg miniputt	27
13.14 Kioskansvarleg/kioskgruppe	27
13.15 Integreringskontakt	27

13.16 Materialforvaltar	28
13. 17 FIKS-ansvarleg	28
13.18 Jentegruppe	28

Logg revidering:

Ver. 1, revidert 16.02.2020

Ver 2, revidert 17.01.2022 (Kap 6.14)

Gjeldande Versjon 3, revidert 12.4.2025

1. Føremål med klubbhandboka

Klubbhandboka gir oversikt over visjon og verdier som ligg i botn for all aktivitet i gruppa, organisering og rutinar for drift av fotballgruppa. Den skal vere eit praktisk hjelpemiddel for alle i klubben som gjer det enkelt å finne kva som gjeld for oss i Syril.

Handboka er utarbeidd av styret med innspel frå trenarar, lagleiarar, styret, kretsen og føresette.. Den ligg på nettsida til Syril. Styret i fotballgruppa kan revidere klubbhandboka ved behov.

2. Informasjon om Syril

Syril fotball er ei av fleire undergrupper i fleiridrettslaget Syril.

Klubben postadresse:	Eggjavegen 12 6863 Leikanger
E-post	post@syril.no
Heimeside	https://syril.no/
Facebook	https://www.facebook.com/syril.no/
Organisasjonsnr.	975700526
Bankforbindelse	Sparebank 1 Sogn og fjordane
Bankkonto Syril Fotball	3781 14 13101
Vips Syril Fotball	111103
Medlem av:	Norges Idrettsforbund og Norges olympiske- og paralympiske komité, Vestland idrettskrets
Særforbund:	Norges Fotballforbund/Sogn og Fjordane Fotballkrets

Fotballgruppa vart skipa i 1945. Gruppa organiserer aktivitet for omlag 280 spelarar frå 6 år og oppover til og med senior. Syril sitt geografiske område er primært gamle Leikanger kommune. Du finn informasjon om Syril og fotballgruppa på heimesida www.syril.no.

3. Klubben sine lover

Syril er eit fleiridrettslag, og fotballgruppa er underlagt klubben sine lover og reglar.

- [Lov for Idrettslaget Syril](#), vedteke av årsmøtet 14.mars 2016 (tilgjengeleg på www.syril.no)

Formålsparagraf § 1:

- Arbeidet skal pregast av **frivillig innsats, demokrati, lojalitet og likeverd.**
- All idrettsleg aktivitet skal byggje på grunnverdier som **idrettsglede, fellesskap, helse og ærlegheit.**

Syril er medlem i Norges Idrettsforbund og Norges Fotballforbund (NFF), og følger dei lover og reglar som forbunda fastset.

Fotballgruppa skal fylgje NFF sine retningslinjer for Barne- og ungdomsfotballen.

4. Visjon, mål og verdigrunnlag og Fair Play

Fotball er den største idretten i Norge og i Syril, dvs. den aktiviteten som flest born og unge deltek i. Det gir og eit særskilt samfunnsansvar for at fotballmiljøet fremmar trivsel og gode haldningar.

Visjonen, verdiane og formålet er rettleiande for alle som er knytt til fotballgruppa, både aktive og støtteapparat. Verdiane beskriv korleis vi vil ha det i Syril, og skal hjelpe oss til å:

- skape eit godt klubbmiljø der ein tek godt vare på kvarandre og behandlar kvarandre med respekt
- danne grunnlag for god oppførsel og gode holdninger
- hjelper oss til å ta gode avgjerder i kvardagen

Som spelar, trenar, tillitsvald eller supporter opptrer vi ikkje berre på vegne av oss sjølve, men på vegne av klubben.

4.1 Visjon

Fotballglede, moglegheiter og utfordringar for alle

- Flest muleg, lengst muleg, best muleg

4.2 Verdier

Aktiviteten i fotballgruppa er basert på idretten sine grunleggande verdier:

Idrettsglede – Felleskap - Helse – Ærleg

Arbeidet i fotballgruppa er prega av:

Frivillig innsats, demokrati, lojalitet og likeverd

For oss betyr dette m.a.:

Idrettsglede

- Fotball er moro. Vi har fokus på trivsel og legg til rette for meistring på alle nivå.
- Spelarar, trenarar, dommarar, leiarar og foreldre engasjerer seg og bidreg til at vi har eit fotballmiljø prega av likeverd, trygghet og trivsel.
- Det er eit felles mål om å behalde flest mogleg av spelarane lengst mogleg. Spelarutvikling er viktigare enn resultat i enkeltkampar.

Fellesskap

- Gjennom fotballen er vi ein del av ein klubb og eit lag. Vi er stolte over å representere Syril.
- Vi har ein klubbkultur prega av respekt mellom spelarar, trenarar, leiarar, dommarar og motstandarar.

- Klubben er sjef. Vi har respekt for klubbens overordna mål og retningslinjer
- Aktiviteten er forankra i mål og retningslinjer, ikkje i eigne ambisjonar og meiningar på tvers av klubben
- Vi samarbeidar godt og snakkar med alle. Mellom trenarar/lagleiarar og lag på tvers av alder og kjønn, med tillistvalde og med foreldre.
- Engasjement er viktig for å utvikle klubben. Vi brukar eigna fora for å ta opp saker eller usemje. Snakkar med kvarandre, ikkje om kvarandre. Aksepterer demokratiske avgjerder.

Helse

- Vi bidreg til sunn livsstil og har eit trygt sosialt miljø.
- Prestasjonar går ikkje på bekostning av utøvaren si helse.
- Vi fremmar eit positivt kroppsbilde.
- Allsidig. Vi legg til rette for at born også kan delta i andre idrettar.

Ærleg

- Vi opptre i tråd med Fair Play, på og utanfor bana
- Vi unngår juks, filming, tøying av reglar og utnytting av små formelle feil
- Vi er ærlege og rause. Snakkar med kvarandre, og tek opp usemje i eigna fora.
- Leiarar, trenarar, frivillige o.a. er rollemodellar for born og ungdom. Vi opptre i tråd med verdiane våre.

4.3 Målsetting

- *Born, ungdom og vaksne i nærmiljøet skal ha eit fotballtilbod og eit klubbmiljø som fremmar trivsel, inkludering og sportsleg utvikling.*
 - o *Flest mogeleg, lengst muleg*
- *Fair Play ligg i botn for all aktivitet på og utanfor bana.*
 - o *Spelarar, trenarar, leiarar og foreldre er kjende med og fyl retningslinjer for Fair Play*
- Det vert opplevd som **givande** å bidra som trenar, leiar eller føresett.

4.4 Fair Play

Fair play er eit samleomgrep for verdiarbeidet i fotballen. Det handlar om overordna verdiar, respekt for andre menneske og vennskap. Fair play syner korleis fotballen opptre overfor barn og ungdom.

Fair Play gjeld alle som er knytt til fotballen, og ligg i botnen for all aktivitet.

Stikkord:

- Fair Play dreier seg om meir enn å unngå gule og raude kort. Fair play handlar om korleis vi oppfører oss mot kvarandre, både på og utanfor bana.
- Bidra til at alle trivest og har det kjekt med fotballen
- Inkluder alle – vi er lagkameratar
- Ikkje bli med på mobbing eller rasisme
- Lytt til andre, aksepter det som blir sagt
- Gje ros for å prøve, aksepter å feile
- Vi er gode representantar for Syril - spelarar, trenarar, leiarar, supporterar
- Applauder gode prestasjonar hjå alle, også hjå motparten

- Aksepter dommarene si avgjerd
- Vi kjeftar ikkje – verken på lagkameratar, motstandar eller dommar
- Vi toler å tape – vi toler å vinne!

Alle spelarar, lagleiarar og trenarar skal ha fokus på Fair Play. Trenarar og lagleiarar har ansvar for og gjennomgår Fair Play i forkant av sesongen, og undervegs.

Fair Play er tema på alle foreldremøte, spelar- og lagleiar møte gjennom sesongen. Vi følg dei til ein kvar tid oppdaterte informasjonen kring Fair play frå [krets og forbund](#)

5. Fotballgruppa si organisering

Fotballgruppa er ei av fleire undergrupper i fleiridrettslaget Syril. Hovudstyret er styringsorganet i idrettslaget, og hovudlaget sitt årsmøte er øvste organ i idrettslaget Syril.

Fotballgruppa vert leia av fotballstyret, og øvste organ i fotballgruppa er **årsmøte i fotballgruppa**.

5.1 Årsmøte

Årsmøte vert normalt helde kvart år i februar, før hovudlaget sitt årsmøte. Årsmøtet vert avvikla i tråd med reglane i [Lov for idrettslaget Syril](#), og følger mal for [Norges idrettsforbund for gjennomføring](#).

Fotballstyret kallar inn til årsmøte minst 1 månad på førehand. Dette skjer på heimesida til Syril. Forslag som skal handsamast på årsmøte må sendast til styret innan 2 veker før årsmøtet. Sakliste og naudsynte saksdokument skal vere tilgjengeleg på nettsida seinast 1 veke før årsmøtet. Det skal skrivast referat frå årsmøtet, som skal signerast av 2 personar valde på årsmøtet.

Alle medlemmar har tilgjenge til årsmøtet. Årsmøtet kan og invitere andre personar og eller media til å vere til stades, ev. vedta at årsmøtet berre er ope for medlemmane.

Faste saker er gjennomgang av årsmelding, rekneskap og val. Forslag til budsjett vert lagt fram av styret. Endeleg budsjett vert vedteke på årsmøte i hovudlaget.


5.1.1 Valkomite og revirsjon

Det er ein valkomite der medlemmer sit i 2 år. Valkomiteen har 3 medlemmer og 1 leiar.

Syrl idrettslag har avtalte med revisjonsselskap som reviderer årsrekneskap med meir, herunder også Syril fotball sine rekneskap.

5.2 Fotballstyret

Organisasjonskartet viser styret (gul farge) med undergrupper. Oppdatert [organisasjonskart](#) med namn og kontaktinfo ligg på heimesida til Syril/Fotball.



Styret har 10-12 styremøter pr år. Leiar og nestleiar vert formelt valde på årsmøte, leiar er medlem i hovudstyret til Syril. Styret elles vert valde samla på årsmøtet, og kan avtale intern arbeidsfordeling når styret konstituerer seg.

Styret kan opprette undergrupper etter behov, det skal vere avklart kven i styret som følgjer opp gruppa/er undergruppa sin kontakt inn i styret. Undergrupper skal ha eit mandat.

Dokument som omtalar organisering, aktivitet og drift av klubben skal vere lett tilgjengeleg på [heimesida til Syril fotball](#) for alle medlemmar.

Roller, arbeidsoppgåver og mandat til undergrupper er omtalt i dokumentet: [Roller og arbeidsoppgåver i fotballgruppa](#). Dokumentet vert oppdatert av styret ved behov. Årshjul med oversikt over oppgåver for styret med fleire ligg på same stad.

5.3 Fotballstyre sine funksjonar

5.3.1 Leiar

- Koordinere styrearbeid og overordna ansvar for aktiviteten i fotballgruppa
- Kalle inn/skrive referat styremøte
- Representere fotballgruppa i hovudstyret
- Ansvar for å utarbeide årsmelding og kalle inn til årsmøte
- Overgangar i lag med sportsleg ansvarleg
- Ajourføre oversikt tillitsvalde i fotballgruppa
- Politiattestar
- Kvalitetsklubbansvarleg
- Fair Play ansvarleg

5.3.2 Nestleiar

- Vararepresentant hovudstyret

- Oppdatere liste over verv/heidersteikn
- Kontaktperson i styret for anlegg/anleggsansvarleg

5.3.3 Sportsleg leiar

Styremedlem i Syril Fotball med overordna ansvar for det sportslege tilbodet og oppfølging av trenarar.

- Har det overordna ansvaret for at den sportslege aktiviteten i klubben er i samsvar med klubbens sportsplan og retningslinjer.
- Leiar for sportsleg utval, etablere eit operativt og sterkt fotballfagleg utval i lag med resten av styret.
- Rapportere saker frå sportsleg utval til styret.
- Ansvarleg for at trenarforum og trenarkurs vert gjennomført.
- Ha oversikt kompetanse hjå trenarar
- Delta på styremøte, ein gong i månaden eller etter behov.
- Delta på møter/samlingar som Sogn og Fjordane Fotballkrets(SFFK) arrangerer innan det sportslege.
- Delta med å skaffe trenarar/lagleiarar, i samarbeid sportsleg utval og ansvarleg for aldersbestemt og miniputt.
- Diverse oppgåver i forbindelse med spelarar som er med på ulike lag innan sone, landslagskulen o.l. i lag med sportsleg utval, ansvarleg for aldersbestemt og trenarar.
- Delta på foreldremøte og trenarmøte for dei einskilde laga, denne oppgåva vert delt mellom Sportsleg leiar, ansvarleg for aldersbestemt, miniputt eller andre i styret/sportsleg utval.
- Ha oversikt kompetanse hjå trenarar.
- Nær kontakt med trenarar på dei ulike lag for å sikre at sportsplanen vert følgt, eks. som samarbeid mellom årskull/kjønn,
- differensiering m.m.
- Vera til stades på ein del treningar og kampar, slå av ein prat med trenarar og føresette.
- Svare på spørsmål frå føresette omkring forhold på trening, kamper, cupar eller tolking av det som står i sportsplan.
- Ansvar for at Syril fotball får gjennomført særskilte tiltakstreningar, keepertreningar o.l. jf. arbeidsoppgåver til sportsleg utval.
- Sportsleg leiar har ansvar for respons, reaksjon og oppfølging av tilbakemeldingar og sanksjonar frå krets. Dette kan delegerast til trenarteamet dersom det er hensiktsmessig. Trenarteam, styret og sportsleg utval skal informerast ved tilbakemeldingar og sanksjonar frå krets.
- Nær realisasjon med trenarrettleiar og resten av sportsleg utval. Sportsleg leiar kan delegere oppgåver til desse.
- Kvalifikasjonar – minimum C-trenarkurs, erfaring som spelar eller trenar.

5.3.4 Leiar miniputt

Styremedlem i Syril Fotball med ansvar for å følgje opp aktivitet under miniputt i alderen 6-9 år, sportsleg og administrativt. Det vil seie:

- Ansvar for kontakt med fotballkrinsen, herunder påmelding til turneringar og seriespel, delta på miniputt-kickoff (sesongoppstartsmøte), vidareformidling av informasjon frå krets, legge til rette for at Syril Fotball driv i tråd med retningslinene frå kretsen.
- Kontaktledd mellom styre og lagleiarar på miniputt, herunder vidareformidle informasjon, vidareformidle kampoppsett for turneringar og seriespel, ha oversikt over spelarlistar og foreldrelistar (samla inn via lagleiarar), legge til rette for at aktiviteten er i tråd med prinsipp og retningslinar i sportsplanen.
- Delta på foreldremøter og møter med lagleiarar og trenarar på miniputt
- Leiar miniputt har rolla rekrutteringsansvarleg (sjå eiga rollebeskriving)
- Leiar i miniputtgruppa
- Samarbeider tett med og delegerer oppgåver til miniputt-gruppa

5.3.5 Leiar aldersbestemt

Styremedlem i Syril Fotball med ansvar for å følgje opp aktivitet under aldersbestemt i alderen 10-17 år, sportsleg og administrativt. Det vil seie:

- Kontaktledd mellom styre og lagleiarar på aldersbestemt, herunder vidareformidle informasjon, vidareformidle kampoppsett for seriespel, ha oversikt over spelarlistar og foreldrelistar (samla inn via lagleiarar), legge til rette for at aktiviteten er i tråd med prinsipp og retningslinar i sportsplanen.
- Ansvar for kontakt med fotballkrinsen. Delta på relevante møter og vidareformidle informasjon frå krets, legge til rette for at Syril Fotball driv i tråd med retningslinene frå kretsen
- Ved innkallingar til krets/sone skal sportsleg leiar ha kopi
- Ha tett dialog med sportsleg leiar
- Delta i sportsleg utval
- Tine fotballskule – Påmelding til Tine, bestilling av varer gjennom Tine, påmeldingsinfo på Syril.no og til skulen for dei aktuelle årsklassane, motta påmelding. (Treningsopplegg og skaffe instruktørar har seniorkontakt ansvar for)

5.3.6 Leiar senior

Styremedlem i Syril Fotball med ansvar for å følgje opp aktivitet under senior, sportsleg og administrativt. Det vil seie:

- Kontaktledd mellom styre og lagleiarar på senior, herunder vidareformidle informasjon, vidareformidle kampoppsett for seriespel, ha oversikt over spelarlistar, legge til rette for at aktiviteten er i tråd med prinsipp og retningslinar i sportsplanen
- Delta i seniorgruppe for Damer og Herrar
- Hovudansvar ilag med lagleiar, for heimekamparrangement senior og at desse fyl arrangementskrav frå fotballkretsen, mellom anna:
 - o Kioskansvarlege/kampvertar
 - o Speaker til senior H
 - o Billettsal senior H

- o Garderobar
- o Laga enkelt kampprogram med spelarstall, dagens dommar, kampar sist runde, kampar denne runde og tabell samt neste heimekamp.
- o mm
- Trenarkrefter frå senior på Tine fotballskule

5.3.7 Arrangementansvarleg

Styremedlem i Syril Fotball med ansvar for å koordinere, følgje opp og utvikle arrangementa innunder Syril Fotball. Det vil seie:

- Koordinere og organisere eksisterande arrangement, samarbeide særleg med kioskansvarleg, arrangementsansvarleg for miniputt og lagleiarar i planlegginga
- Utvikle rammene og dokumentere praksis for arrangementa våre, slik at det fremjar retningslinjer og mål frå Syril Fotball sin sportsplan, Syril som idrettslag og følgjer krinsen sine anbefalingar.
- Ta initiativ for å utvikle nye arrangement, eller justere eksisterande
- Oversikt over kven som har kioskvakt.
- Kontakt for kioskansvarleg

5.3.8 Økonomiansvarleg

Styremedlem i Syril Fotball med ansvar for

- Dagleg oppfølging av konto for fotballgruppa inkl. Vipps
- Innlevering av kontoutskrifter og bilag til rekneskapsfører kvar 3. månad
- Utarbeiding av budsjett til behandling i styret
- Ha kontakt med økonomiansvarleg i hovudlaget
- Fakturering
- Oppfølging treningsavgifter og medlemskap
- Oversikt og oppfølging sponsoravtalar

6. Rutinar klubbdrift

Rutinar for klubbdrift er tilgjengeleg på Syril si nettside.

6.1 Anlegg

Syrl eig kunstgrasbana og grasbana ved barneskulen. I tillegg låner vi kunstgras ved Ungdomsskulen. Informasjon om baneanlegget ligg på nettsida.

Barneskulen nyttar anlegget på dagtid, til gjengjeld kan Syril nytte garderobeanlegget ved barneskulen.

Utleige av anlegg til andre klubbar – informasjon ligg på nettsida til Syril finst under fana [anlegg](#)-kunstgras.

6.2 Arrangement

6.2.1 [Heimekampar](#)

Kamp-laga har ansvar for heimekamparrangementet. Kampane skal avviklast i samsvar NFF sine retningslinjer.

Kampar på seniornivå skal fylgje egne retningslinjer.

Kampvertar

Det skal vere kampvertar på alle kampar. Denne skal ha gul Fair Play vest, slik at det er tydeleg kven som er vert. Kampvert tek imot gjestande lag, viser veg til garderobe og hjelper til med praktiske spørsmål. Elles bidra til ei god ramme rundt kampen prega av Fair Play. Ta opp usportsleg oppførsel på tribunen, om dette skulle oppstå.

Kioskdrift

- Det skal vera kiosk på Syril sine kampar.
- Det skal serverast frukt i pausen til laga, og ev. kaffi/saft til lagleiar/trenar.
- Kamp-laga har ansvar for kiosksalet, og lagleiar syter for dugnadsliste.
- Kioskansvarleg har ansvar for innkjøp, og sender ut oppdatert kioskinstruks ved start kvar vår.
- [Kioskinstruks](#) ligg på nettsida.

Billettsal

Det er inngangsbillett på senior sine seriekampar, elles er kampane gratis.

6.2.2 Andre arrangement

- KM innandørs aldersbestemt (blir tildelt frå krets, etter søknad frå klubbar)
- Futsal-turnering aldersbestemt (blir tildelt frå krets, etter søknad frå klubbar)
- Tine Fotballskule
- Syril Miniputt-turnering Konglerike.
- Andre arrangement, slik som t.d. Fotballsøndag og Kickoff.

KM innandørs

Arr.ansvarleg ordnar innkjøp, dugnadslister, fordeling av oppgåver, m.m. og samarbeider med lagleiarar og styret elles. Dette er eit stort arrangement og heile styret er med på dette.

Futsal-turnering

Sjå skildring for KM innandørs, dett er ei mindre utgåve av KM. Særleg er oppgåver knytt til sekretariat og anna papirarbeid mykje mindre, då det ikkje er resultatservice eller premiering.

Tine fotballskule

Leiar aldersbestemt/den som melder på ordnar med bestilling av varer gjennom Tine, har kontakt med kioskansvarleg ift. kiosksal og innkjøp til avslutninga (grilling), organiserer foreldrevakter.

Det sportslege innhaldet i fotballskulen blir følgd opp av sportsleg leiar og seniorkontakt, herunder påmelding og treningsopplegg, rekruttering av instruktørar.

Miniputtturneringa

Hovudansvar ligg hjå miniputtansvarleg/gruppe. Arr.ansvarleg vil likevel ha overordna ansvar for å sjå til at samarbeidet mellom arr.ansvarleg, kioskansvarleg og miniputt-gruppa fungerer. Organisering og gjennomføring av kioskalet er eit stor del av oppgåva knytt til turneringa, herunder innkjøp.

6.3 Alkohol

- Barn og unge under 18 år som deltar i organisert aktivitet i regi klubben skal møte eit trygt idrettsmiljø der det ikkje vert nytt alkohol.
- Ingen tillitsvald, representant eller engasjert leiar eller trenar skal komme påverka til trening, konkurranse, seminar.
- Ansvarlege for reise i regi av klubben skal alltid vere edru.
- Trenarar, leiarar og utøvar skal framstå som gode førebilde, og skal ikkje drikke alkohol i samvær med born og unge.
- Tribunekulturen skal være trygg, familievennleg og alkoholfri.
- Retningslinjene medfører ikkje forbod for styret, tillitsvalte, trenarar, dommarar, eller representantar over 18 år mot å drikke alkohol. I sin rolle eller ved representasjon er ein representant for klubben, og skal opptre deretter.

Klubbens retningslinjer er i tråd med forhold til alkohol, vedteke av Idrettsstyret.

Lenke: <https://www.idrettsforbundet.no/tema/folkehelse-og-skole/alkohol-og-tobakk/>

6.4 Buss

Syrl sin buss skal nyttast når det er mogeleg. For å bli sett opp til køyring må sjåføren vere fylt 21 år eller hatt sertifikat i 3 år. Ein må ha sertifikat for minibuss og eige sjåførkort som skal setjast i teljaren. Bussen har Autopass-brikke.

[Reglar for bruk og info om bestilling av buss ligg på nettsida.](#) Sjekk lenke

Trafikkultur

- Syrlbussen bør nyttast om mogleg.
- Lagleiar planlegg reise (bestiller buss, lagar køyreliste osv.).
- Spelarane bør sitje samla - pass på at alle spelarane er inkludert i gruppa også når ein fordeler i bilane.
- Lagleiar/trenar har ansvar for å kontakte leiar i Syrl fotball dersom det skjer uønska hendingar på reisa.
- Oppmøte er ved Saften.
- Vi køyrer i følgje.
- Vi skal alltid bruke bilbelte.
- Vi skal ha god tid til kamp og ferje.
- Det er lov å seie frå ved uvettiguvettug køyring.
- Det er ikkje lov å drive øvingskøyring med andre i bilen.
- Sjåførar som køyrer born og unge skal minimum vere 21 år og hatt sertifikat i 3 år.

6.5 Beredskap

Ved alvorleg skade og sjukdom ved bane/klubbhus.

Det er **hjartestartar** tilgjengeleg på utsida av kiosken, ned mot bana, og i ballrommet.

Varslingsplan på bana

- Kartlegg skade.
- Ring ambulanse 113.
- Sikre frie luftveggar.
- Om naudsynt start livredning med hjartekompresjon.
- Om naudsynt stopp alvorleg bløding.
- Ordne førstehjelpsutstyr/båre.
- Syt for personell som viser veg for ambulanse.
- Unngå bruk av sosiale medium.
- Varsle leiar i Syril IL fotball om beredskapsgruppe skal settast.

Ved alvorleg bilulukke

- Sikre skadestad.
- Ring ambulanse 113.
- Få oversikt over situasjon.
- Prioriter skader, livstruande eller ikkje.
- Alvorleg skade/død. Ring politi 112.
- Ring lokal legevakt, få psykososialt team på plass.
- Unngå bruk av sosiale medium.
- Ta utøvarar vekk frå skadestad/forklar.
- Ved brann. Ring brannvesen 110
- Varsle leiar i Syril IL fotball/ Syril idrettslag som tek kontakt med kommunen om beredskapsgruppe skal settast.

Medlemskontingent og treningsavgift

Det er hovudlaget i Syril idrettslag som har ansvar for å krevje inn [medlemskontingent](#). Alle som deltek i aktivitet for idrettslag skal vere medlemmar. På nettsida til idrettslaget (www.syril.no) er det oppdatert info om betaling og prisar.

I tillegg til medlemsavgift i Syril skal det betalast treningsavgift til fotballgruppa. Treningsavgifta dekker påmelding til krets, forsikringar, kjøp av utstyr, drift av anlegg, buss etc. På nettsida til idrettslaget (www.syril.no) er det oppdatert info om betaling og prisar.

Endringar i treningsavgift vert fatta av årsmøte i fotballgruppa, ev. av styret etter fullmakt frå årsmøtet.

6.6 Forsikring

Forsikring er inkludert i medlemskapet i Syril idrettslag for born opp til og med 12 år. For eldre spelarar er forsikring i tillegg avhengig av at spelar/leiar er registrert som aktiv i FIKS.

Frå og med 12 år skal alle aktive i Syril fotball vere registrert i FIKS.

Ta kontakt med Idrettens Skadetelefon på 987 02033/meld skade på <https://www.idrettshelse.no/>

Du finn meir informasjon om kva du skal gjere ved idrettskade her:

<https://www.fotball.no/klubb-og-leder/forsikring/2016/hva-gjor-jeg-ved-fotballskade/>

Det er mogeleg for kvar enkelt spelar å kjøpe utvida forsikring. Denne må betalast av spelaren sjølv. Meir info om utvida forsikring finn de på

<https://www.fotball.no/klubb-og-leder/forsikring/2016/hvorfor-utvidet-forsikring/>

6.7 Informasjon og kommunikasjon

God kommunikasjon er viktig for Syril Fotball. Kommunikasjon er eit verkemiddel for å bygge klubbkultur og ein open klubb. Syril Fotball sine primære målgrupper er spelarar, trenarar, lagleiarar, dommarar, foreldre og andre medlemmar. Sekundære målgrupper er, motstandarar, samarbeidspartar og journalistar.

Målet er at informasjon når målgruppene til rett tid , i rett form og gjennom eigna informasjonskanal.

[Syril.no/ball/fotball/](https://www.syril.no/ball/fotball/) er hovudkanalen for informasjon frå Syril Fotball. I tillegg til nyhender finne ein styringsdokument for klubben, informasjon om trenings- og kamptider, kontaktopplysingar, samt ytterlegare informasjon som gjeld Syril Fotball.

Facebook

Syril fotball nyttar Facebook som open informasjonskanal for nyhender.

Spond

Spond skal nyttast til kommunikasjon internt i laga mellom lagleiar, trenarar og foreldre. Spond nyttast og til kommunikasjon mellom lagleiarar, dommarar, trenarar og styret. Grupper opprettast etter behov.

Publisering av bilete

Syril fotball følgjer [idrettsforbundets retningslinjer](#) for publisering av bilete av barn i barneidretten. Utgangspunktet er at ein skal ha samtykke før publisering, uavhengig av kanal. For spelarar under 15 år skal føresette samtykke.

Situasjonsbilete der det er aktiviteten som er hovudmotiv og ikkje person treng ikkje samtykke. Bileter som publiserast utan samtykke skal vera harmlause og ikkje krenkande. Ved tvil om bilete blir for mykje retta mot enkeltindivid så skal ein hente inn samtykke.

6.8 Konflikthandtering

Ein konflikt er «Saker som partane ikkje er einige om og ikkje klarer å komme fram til ei løysing på på eiga hand».

I ein organisasjon som «Syril fotball» vil det vera potensiale for konflikter, det kan bl.a. sportslege, økonomiske prioriteringar, personlege motsetningar osv.

Det viktigast tiltaket for å hindre konflikter er førebygging ved å utarbeide

- Sportsplan
- Klubbhandbok
- Verdigrunnlag og Fair Play

Ein må skape ei felles forståing av desse styringsdokumenta, dette må gjerast i foreldremøte, trenarmøte, spelarmøte o.l. I tillegg må desse dokumenta ligge tilgjengeleg på Syril fotball si nettside.

Oppstår det irritasjon i foreldregrupper, trenarteam/støtteapparat eller spelegrupper skal vi ta tak i dette før det utviklar seg til misnøye eller konflikter. Det er **VIKTIG** at usemje og konflikter ikkje rammar barn/unge og deira tilbod, her har dei vaksne (foreldre, trenarar mfl.) eit stort ansvar. . Det er ønskeleg at saker i størst mogleg grad vert løyst på lavast mogleg nivå med dialog mellom partane. Dersom partane ikkje klarar å bli einige om ei løysing skal trenar/lagleiar/styret kontaktast.

Dersom foreldre/spelarar har spørsmål så ta kontakt med trenar, lagleiar eller styret så tidleg så mogleg slik at saka ikkje utviklar seg.

Handtering

- Spørsmål om spelarar, hospitering, treningar o.l. ta kontakt med trenar.
- Er trenarar ueinige kontaktar dei styret v/sportsleg leiar eller leiar aldersbestemt, som då må avklare kva som er kjernen i ueinigheita og jobbe for å finna ei løysing.

6.9 Klubbkolleksjon/Materiell

Intersport Sogndal som er tilslutta Intersport-kjeda tilbyr klubbkolleksjon til rabattert pris for dei som er medlemmar i Syril Idrettslag.

På klubbkolleksjonen til Syril, skal til ein kvar tid gjeldande sponsoravtalar ligge til grunn for kva logoar og trykk som skal vere på drakter og bekledning.

Alt av materiell/utstyr blir kjøpt på Intersport til rabattert pris.

Berre leiar og utstyrsansvarleg har fullmakt til å bestille varer som skal betalast av fotballgruppa sin konto. Alle andre kjøp må dekkast av den/det laget som bestiller.

6.10 Politiattest

Alle trenarar, lagleiarar og andre som har oppgåver i høve mindreårige i Syril skal ha gyldig politiattest. Dette gjeld og trenarar/leiarar på seniornivå sidan mindreårige hospiterer på seniorlaga. Før du søker om politiattest må du ha stadfesting frå klubben om at du treng dette.

Meir info på: <https://www.idrettsforbundet.no/tema/politiattest/> . Sjå også meir informasjon på Syril.no finn eksakt lenke.

Når du har motteke politiattesten, skal den **visast fram** til leiar i Syril eller leiar i fotballgruppa **innan 3 månadar**. Syril skal **ikkje** lagre attesten. Framvising skal gjerast ved **personleg oppmøte**. Sjekk om det kan gjerast digitalt.

Leiar i Syril har oversikt over kven som har politiattestar og leiar i fotballgruppa skal minimum kvar vår sjekke ut om tillitsvalde i gruppa har levert attest.

6.11 Økonomistyring

Budsjett

Klubben skal kvart år utarbeide budsjett for kommande år. Ein budsjetterer med forsiktighetsprinsippet og basert på erfaringstal frå tidlegare rekneskap. Budsjettet blir lagt fram på fotballgruppa sitt årsmøte og endeleg godkjent av hovudlaget.

Økonomirutinar

- Rekneskapet følger i utgangspunktet kontantprinsippet, dvs. at inntekter og kostnader vert bokført i den rekneskapsperioden (år) der posten har oppstått, men ved større beløp kan ein likevel føreta avsetning/periodisering slik at bokføring skjer på “rett år”.
- Klubben kjøper teneste frå rekneskapsfører som fører rekneskapet for klubben. Klubben får rekneskapsrapportar kvar andre månad eller etter behov. Rekneskapsåret følger kalenderåret.
- Leiar og økonomiansvarleg disponerer fotballgruppa sin bankkonto. Rekningar vert betalt i nettbank med “dobbel” godkjenning via e-post. Sjekk med Tatjana.
- Kontantinntekter frå kioskal, loddosal etc. skal alltid teljast opp av to personar, oppgjersskjema skal fyllast ut og signerast av begge.
- Det skal vere 1000 kr i vekslepengar i skrinet

7. Rekrutteringsplan

Syril fotball har spelarar i aldersklasse 6 år og fram til og med senior. Målet er å ha lag i alle aldersklassar for begge kjønn. Difor er rekruttering av nye kull noko av det viktigaste vi gjer. Vi ynskjer å rekruttere så mange som mogleg heilt frå start og gjer tiltak for at flest mogleg skal halde fram med fotball lengst mogleg. Syril fotball sitt nedslagsfelt er gamle Leikanger kommune.

Rekrutteringsansvarleg har hovudansvaret for rekruttering i Syril fotball og rapporterer til Syril fotball sitt styre. Det er leiar miniputt som har rolla som rekrutteringsansvarleg.

7.1 Planlegging

Målet vårt kvart år er å få alle 6-åringar på Leikanger med på fotball, noko vi jobbar aktivt for. I januar vert det sendt ut eit infoskriv frå hovudstyret i Syril til barnehagane på Leikanger med informasjon om idrettslaget Syril ,tilbod om miniputt fotball og invitasjon til informasjonsmøte for foreldre/føresette. Barnehagane deler dette med foreldra til 6-åringane. I skrivet oppmodar vi foreldre (og særleg kvinner) til å melde seg som lagleiarar og trenarar.

I januar/februar gjennomfører rekrutteringsansvarlig informasjonsmøte for alle foreldre/føresette i det nye kullet.. I februar/mars tek rekrutteringsansvarleg direkte kontakt med foreldre til born som ikkje er påmelde miniputt fotball for å sikre at dei har motteke informasjonen og gi dei moglegheit til å melde seg på. Dersom det er 6 åringar med foreldre som ikkje beherskar norsk, tek vi kontakt for å sikre at foreldra har motteke og forstått informasjon om miniputt fotballen. Vi informerer og asylnottaket på Leikanger om tilbodet vårt.

7.2 Første møte med klubben

I førekant eller byrjinga av sesongen arrangerer miniputtansvarleg og lagleiarar informasjonsmøte for miniputt-foreldre. Der informerer vi blant anna om kva miniputt fotball er, kva Syril fotball står for, informasjonskanalar, trening, Kongleriketturnering, Fair Play, kva vi forventar frå foreldra og kva dei kan forvente av oss.

Før sesongstart arrangerer Syril fotball ein kickoff, dette er ofte 6-åringane sitt første møte med klubben og trenarane. Vi ynskjer å skape ein fin dag der både spelarar og foreldre føler seg inkludert. På kickoffen presenterer vi alle lag med trenarar og lagleiar, det er konkurransar med ball og gratis grillmat til alle spelarar. Det er styret som er ansvarlege for planlegging og gjennomføring av kickoff.

Det er viktig for oss at barna får ein fin oppstart og føler seg trygge i møte med klubben, laget sitt og trenarane. Vi oppmodar foreldra om å vere til stades på treningane, dette er spesielt viktig i byrjinga. Aktiviteten skal ha utgangspunkt i lek og trivsel, og vi tilpassar aktivitetar ut i frå barna sine ulike behov.

7.3 Oppfølging

Det er trenarane for laget som er ansvarlege for aktiviteten og oppfølging av spelarane. Alle barn skal føle seg velkomne og inkludert, uavhengig av ferdigheitsnivå, funksjonsevne, bakgrunn, etnisitet og betalingsevne.

Før sesongstart og i løpet av sesongen arrangerer vi trenarforum for både nye og gamle trenarar i klubben. Vi har fokus på at trenarane skal vere trygge i rolla si og tilbyr grasrottenarkurs til alle trenarar på alle nivå. Målet er at minst ein trenar per lag har fullført Grasrottenar delkurs 1.

Syrl fotball har ein trenarrettleiar som følgjer opp klubbens trenarar og er trenarens "trenar". Trenarane er klubbens viktigaste ressurs og det er viktig at dei har ein rettleiar som følgjer dei opp og kan vera ein samtalepartner og støtte.

Før sesongstart arrangerer miniputtansvarleg eit oppstartsmøte for alle lagleiarar på miniputt. Der er tema lagleiar sine oppgåver, bruk av Spond, Kongleriketurnering, treningstider, dugnadar med meir.

For å legge til rette for eit godt tilbod for barna er det viktig med kontinuitet i rollene og at trenarar og lagleiarar følgjer spelarane over tid. I tillegg er vi avhengige av at andre foreldre er aktive. For å få ting til å fungere treng vi blant anna kakebakarar, kioskpersonale, sjåførar og tilskodarar som heiar oss fram.

7.4 Inkludering

Syrl fotball ynskjer å ha eit tilbod til alle barn og unge uavhengig av betalingsevne. Vi har eit økonomisk inkluderingsfond der spelarar/foreldre kan søke om midlar til å dekke treningsavgift, utstyr eller deltaking på turneringar/cupar. I tillegg har vi eit fysisk inkluderingsfond der vi tek i mot pent brukte fotballsko og anna utstyr som vi kan dele ut til dei som ikkje har.

7.5 Etterrekruttering og tiltak for å behalde spelarar

Trenarar med rett kompetanse er eit viktig tiltak for å behalde spelarar. Vi treng trenarar som legg lista der spelarane er, gjerne nett litt høgre. Vi treng trenarar som er akkurat passe ambisiøse og med ei tilnærming som gjer at alle barn og unge trivast og utviklar seg på best mogleg måte. Vi treng trenarar som gir positive tilbakemeldingar og oppmuntrar alle spelarar, uansett ferdigheitsnivå.

Syrl fotball har som mål at flest mogleg skal vere med lengst mogleg og vi har fleire tiltak for å behalde spelarar:

- Samarbeid med handball og andre fritidsaktivitetar når vi planlegg treningstider
- Differensiering på trening, meir samtrening kan vurderast (Sportsplan kap. 10)
- Utvida treningstilbod på tvers av aldersgrupper for dei som ynskjer å trena meir
- Strukturert og planlagd hospitering i klubben, både mellom kjønn og aldersgrupper (Sportsplan kap. 10)
- Tilby treningsøktar saman med andre lokale klubbar
- Sosiale arrangement. Mange spelar fotball for å vere med venner, vi ynskjer og å behalde dei som synes det sosiale er like viktig som sjølve treninga. Bygg klubbtilhøyrighet.
- Fotballdag for jenter
- Deltaking på turneringar/cupar
- Tilbod om andre rollar for dei som ikkje lengre ynskjer å spela sjølv: bidra som trenar for miniputt, dommar eller andre oppgåver i klubben

I tillegg vil vi etablere ungdomsutval (12-17). Dette skal vere eit utval av og med spelarar(minst 1 pr lag, litt etter størrelse på kvart einskild lag) der dei sjølv får komme med forslag til korleis dei ynskjer å ha det og kva dei ynskjer å ha. Vaksen ansvarleg men på deira premissar.

8. Dommarutviklingsplan

Rekruttering og utvikling av dommarar er ei viktig oppgåve for Syril fotball. For å lukkast er det viktig at vi legg til rette og har ein plan for dommarutvikling. Dommaransvarleg har hovudansvar for dommarutvikling i klubben.

8.1 Rekruttering av dommarar

Syril fotball vil styrke dommarutviklinga i klubben. Målet er at fleire tek dommarutdanning, at vi skal støtte dei som vil satse og ha nok eigne dommarar til kampavvikling, sjå [sportsplan kapittel 7](#) for meir informasjon. Det er ei eiga dommargruppe som følgjer opp dommarane med tilbakemeldingar og støtte etter kampar.

8.2 Oppfølging og kurs

Syril fotball vil tilby følgjande for å skape trygghet og utvikle dommarane:

- Klubbdommarkurs
- Mentor-/fadderordning
- Felles førebuingssmøte før sesongstart
- Interne inspirasjonssamlingar
- Tilbod om dommarsamlingar i krets eller naboklubb

9. Utdanning og kompetanse

Det er eit mål for Syril fotball å ha god kompetanse på styremedlemmar, lagleiarar, trenarar, dommarar og andre roller i klubben. Klubben vil derfor legge til rette for kompetanestiltak som vil gje kompetanseutvikling.

9.1 Mål leiarutdanning

Fleirtalet i styret skal ha NFF sitt leiar I kurs. Syril fotball dekkjer kostnaden til kurset som NFF Sogn og Fjordane tilbyr. Vi som klubb legg og til rette for at styremedlemer tek NFF leiar 2 og 3 kurs.

9.2 Mål trenarutdanning

Barnefotball (6-10): Det er eit mål at minst ein trenar har fullført NFF Grasrottrenarkurs Del 1 Barnefotballkurset.

Barnefotball (11-12) Lillegutt/Lillejenter: Det er eit mål at minst ein trenar har fullført NFF Grasrottrenarkurs Del 1 Barnefotballkurset og Del 2 Barnefotball – flest mulig lengst mulig.

Ungdomsfotball (13-14) Smågutar/Småjenter: Det er eit mål at minst ein trenar har fullført NFF Grasrottrenarkurs Del 1 Barnefotballkurset og Del 2 Barnefotball – flest mulig lengst mulig

Ungdomsfotball (15-17) Gutar/Jenter: Det er eit mål at minst ein trenar har fullført NFF Grasrottrenarkurs Del 1 Barnefotballkurset og Del 2 Barnefotball – flest mulig lengst mulig

Seniorfotball Herre/Dame: Det er eit mål at minst ein trenar har fullført NFF Grasrottrenarutdanning.

Alle Syril sine trenarar skal delta på trenarforum, Syril fotball vil arrangere minst ein del av dei fire delane som NFF Grasrottenarkurset består av kvart år, eventuelt fleire deler. Det vil også vera mogleg å reise til andre klubber for å gjennomføra trenarkurs. Klubben dekker deltakaravgift til kursa. Er det andre kurs i NFF sitt utdanningstilbod som våre trenarar vil ta så er klubben positive til det.

9.3 Mål dommarutdanning

Styrke dommarutviklinga i klubben, ved å tilby:

- Dommarkurs til ungdommar i aldersgruppa 14-17 år
- Rekrutteringsdommarkurs til klubbdommarar frå 15 år
- Sosial kveld kombinert med oppdatering

9.4 HLR (Hjerte-lunge-redning)-kurs

Alle trenarar og lagleiarar, samt alle spelarar frå 12 år og oppover, skal gjennomføre årleg HLR (Hjerte-lunge-redning)-kurs. Kursa vert gjennomført i regi av Syril, på Syril stadion.

10. Treningstider

<https://syril.no/ball/fotball/trening/>

Sportsleg leiar set opp treningstider, der fokus er å sikre treningstider som gir rom for ekstratrening og hospitering med kulla over eller på tvers.

11. Kampoppsett

Ligg på heimesida til Syril:

<https://syril.no/ball/fotball/kamp/>

11.1 Flytting av kampar

- Sjå dokument for sesongavvikling for flytting av kampar.
- Viss ein skal spele kamp i treningstida må ein vurdere ut frå kor mange andre som er på bana samtidig. Ein skal helst unngå at andre lag ikkje får trene pga. flytting av kampar.
- Kampar som blir flytta må meldast til heimesideansvarleg så fort som mogleg, ho legg det inn i Syril-kalendaren.
- [Bruk reglane til kretsen](#)

12. Samarbeid med andre klubbar

Vi ynskjer eit godt samarbeid med våre naboklubbar. Det er viktig at klubbane i Sogn kan stille lag og utvikle eit godt fotballmiljø

Cupar

- Når ein spelar skal delta på cup med ein annan klubb enn den klubben spelaren er registrert i, skal kontakt gå gjennom sportsleg leiar i Syril. Det gjeld og når Syril låner spelarar frå andre.
- Deltaking skal ikkje gå på bekostning av spel med eige lag.
- Sportsleg leiar tek kontakt med aktuell klubb og trenarar/foreldre i eigen klubb
- Dette må skje i god tid før cup
- Det må skrivast utlånsavtale som signerast av sportsleg leiar i begge klubbane. Forsikring er knytt til avtalen.

Trening med andre klubbar utanom og i sesong

- Skal avklarast med sportsleg leiar
- I sesong skal ein primært trene med eige lag (med unntak av utviklingstiltak)

Permanent overgang

Syrlil ynskjer at unge spelarar skal tilhøyre sin klubb i nærmiljøet. Normalt ynskjer vi ikkje fast overgang til vår klubb frå spelarar under 15 år frå andre lag som har tilbod i sin klubb. Alle overgangar frå andre klubbar skal gå via sportsleg leiar.

13. Beskrivingar av klubbrollar

13.1 Trenar

Trenar har ansvar for å sikre at spelarane får eit godt tilbod og vert ivaretekne på ein god måte. Trenar er ein viktig ambassadør for klubben. Trenar skal sette seg inn i klubbens sportsplan, retningslinjer og forventningar, samt gjennomføre trenarkurs og delta på trenarforum.

13.2 Lagleiar

Lagleiar er laget sin administrative leiar og har ansvaret for at alt praktisk fungerer rundt laget. Lagleiar skal overlata alt det sportslege til trenarane som har ansvar for organisering av treningar og kampar. Lagleiar er ansvarleg for mellom anna:

- sette seg inn i lagleiarmanual, kampvertinstruks og klubbhandbok
- god kontakt mellom lagleiar/trenar, spelarar og foreldre
- at spelarar/foreldre mottek relevant informasjon frå
- Praktisk organisering av kampar, deltaking på turneringar, foreldremøte og sosiale arrangement
- Dugnadar

13.3 Kampvert

Kampvert skal ha på seg gul kampvertvest og ha med seg foreldrevettkort. Kampverten har rolla som vertskap og skal følge opp Fair play. Kampverten må setje seg inn Fair play verdiane og korleis Fair Play skal følgjast opp i praksis.

Kampvert skal sette seg inn i og gjennomføre innhaldet i kampvertinstruksen. Sjå eigen instruks på syrl.no

13.4 Dommar

Klubben er avhengig av dommarar for å kunne spele kampar. Dommarane har ansvar for å sikre ein god gjennomføring av kampar.

Dommarane skal vere kjende med

- kva klubben står for (verdiar, visjon og formål)
- krav til dommarar på ulike nivå
- medlemskap
- lisens og forsikringar
- klubbens retningslinjer og forventningar til dommarar

13.5 Trenarretteiar

Trenarretteiar skal følgja opp klubbens trenarar, vera trenarens "trenar".

Trenarane er klubbens viktigaste ressurs og det er viktig at dei har ein rettlegeiar som kan følgje dei opp og vera ein samtalepartner/rådgivar rundt trenarjobben.

Klubben kan ha fleire trenarretteiargar der dei ev. kan dela ansvarsområdet mellom seg (eks. årskull). Trenarretteiar skal minimum ha gjennomført Grasrottrenarutdanninga eller tilsvarende.

Trenarretteiar skal ha fokus på trenarutvikling og skal ikkje innehalda administrative oppgåver.

Arbeidsoppgåver:

- Ilag med klubbens sportslege leiing sikra at aktiviteten i klubben er i samsvar med klubbens sportsplan og retningslinjer.
- Motivera klubbens trenarar til å gjennomføra trenarutdanning.
- Delta og bidra på klubbens trenarforum.
- Kan også gjennomføra temabaserte samlingar for klubbens trenarar.
- Vera til stades på nokre treningar/kamper for klubbens lag.

13.6 Dommaransvarleg

Dommarkoordinator si viktigaste oppgåve er å ha god kontakt og godt samarbeid med dommarar, styret, lagleiarar, trenarar og kretsen.

Dommaransvarleg sine oppgåver:

- Har saman med styret hovudansvaret for å rekruttere og behalde nok dommarar i forhold til tal lag
- Ansvar for oppsett av dommarar til aldersfastlagd fotball
- Dommarkurs kvar vår/haust for nye dommarar, evt. kurs futsal vinteren
- Oppstartssamling kvar vår for alle dommarane
- Legge til rette og tilby dommarkurs til dei som ønskjer det, følge opp og rettleie desse i kampar
- Sørge for at unge dommarar får rettleiing og støtte i sesongen av erfarne dommarar
- Ansvar for å tilby dei som har ambisjonar og talent vidare oppfølging og etterutdanning i nært samarbeid med kretsen
- Ansvar for at dommarane har en naturleg plass i klubbmiljøet på lik linje med spelarane
- Ansvar for at utstyr til dommarane inngår i klubbens utstyrsavtale
- Heve dommarane sin status i klubben!
- Fokus på godt dommarmiljø

13.7 Dommarginne

Oppgåvene til dommarutvalet er å følgje opp nye og eksisterande dommarar i aksjon på bana. Hovudfokus er å følgje opp nye dommarar, men og bistå i forhold til eksisterande dommarar.

13.8 Rekrutteringsansvarleg

Rekrutteringsansvarleg har ansvar for rekruttering av nye årskull og etterrekruttering av nye spelarar til klubben. Rekrutteringsansvarleg har og ansvar for at det kjem på plass trenarar og lagleiar for dei nye laga. Rekrutteringsansvarleg arbeider med rekruttering heile året, men med hovudfokus før kvar sesong.

Oppgåver:

- Ansvarleg for rekruttering og oppstart av nytt årskull (sjå rekrutteringsplan)
- Gjennomføre informasjonsmøte for foreldre/føresette for nytt årskull
- Rekrutere trenarar og lagleiar til nytt årskull

13.9 Sportsleg utval

Sportsleg utval er styrets sportslege støttefunksjon, leia av sportsleg leiar. Utvalet skal jobbe for at den sportslege aktiviteten er i tråd med mål og prinsipp, slik dette kjem fram i sportsplanen. Handsame brot på Fair Play reglane.

Arbeidsoppgåver:

- Bidra med å utarbeida og følgja opp sportsplanen.
- Planlegge treningstider som sikrar eit godt sportsleg tilbod for alle.
- Vera med å planlegge lags påmelding til dei aktuelle seriane.
- Planlegge og administrere ekstra treningar, spesielt utanfor sesong.
- Vera til stades på nokre treningar/kamper for klubbens lag.

13.10 Anleggsansvarleg

- Kalle inn til dugnadar, og leie desse øktene
- Kontroll og vedlikehald baner og mål/utstyr
- Dialog med kommunen, sjå til at dei følger opp avtalar
- Vedlikehald og klargjering/vinterstenging av driftsbygningar
- Orienterare brukarar av anlegget via nettside/FB
- Orienterare styret om utstyrsbehov

13.11 Fair play ansvarleg

Fair play ansvarleg skal i stor grad gjera førebyggjande arbeid, og sørge for at klubben i alle samanhengar, både i ord og handling, viser eit sterkt fokus på Fair play.

Gjera foverntningar til kampgjennomføring kjent hjå alle klubbens lag

- Fair play-møtet
- Fair play-hilsen
- Kampvert

Fair play skal vera tema på alle etablerte trenar-, spelar- og foreldremøter. Det skal vera rutinar for handtering av uønska hendingar med utgangspunkt i NFF sine rutinar, og alle medlemar skal vere kjent med fotballens varslingskanal. Fair play ansvarleg er saman med styret ansvarleg for å synleggjera klubbens verdiar på klubbens anlegg og klubbhus.

Fair play ansvarleg skal delta på alle møter og arrangement i regi av kretsen.

13.12 Kvalitetsklubbansvarleg

Kvalitetsklubbansvarleg skal vera:

- klubben sin overordna kontaktperson mot krets og forbund på spørsmål knytt til kvalitetsklubb
- følge opp dei standardane som er sett i kvalitetsklubb med tanke på implementering av planverk og sikre klubbens verdiarbeid i praksis
- Vera pådrivar for å knytte element frå kvalitetsklubb til den daglige aktiviteten i klubben
- Følge opp og utbetre eventuelle avvik frå planverk
- Vera ansvarleg for gjennomføring av eigenmelding i etterkant av sertifiseringa

Rolla ligg til leiarrolla i klubben, og rapporterer til styret i fotballgruppa.

13.13 Miniputtgruppa

Gruppa består av støttefunksjonar for styret og leiar miniputt. Alle har verva i 2 år og ansvar for å setje andre inn i oppgåvene, ved endring i gruppa. Leiar miniputt er leiar i gruppa. Miniputt-gruppa konstituerer seg sjølv og oppretter nye roller ved behov. Roller i gruppa er bl.a.:

13.13.1 Utstyrsansvarleg miniputt

Ansvar for å følge opp og halde orden på drakter, ballar, kjepler/hattar, vestar, førstehjelpsskrin m.m. Kjøp av utstyr skal gå gjennom Materialforvaltar som har innkjøpsfullmakta.

13.13.2 Turneringsansvarleg miniputt

Ansvar for å planlegge og organisere Syril si Konglerike miniputt-turnering. Her er det samarbeid med lagleiarane for kvart einskild miniputt-lag.

Turneringsansvarleg samarbeider med kioskansvarleg i Syril fotball vedr. sal under miniputt-turneringa, miniputtansvarleg og med arrangementsansvarleg i fotballstyret.

13.14 Kioskansvarleg/kioskgruppe

Kioskansvarleg/kioskgruppe er ei rolle innunder arr.ansvarleg i fotballstyret. Kioskansvarleg har det overordna ansvar for drift av kiosken, ansvar for innkjøp og økonomi i kiosken.

Kioskdrifta er ei viktig inntektskjelde for fotballgruppa og bidreg til at vi held låge kontigentar, og medverkar samstundes til at «bana» er ein sosial møteplass.

- Det skal vere kioskdrift på alle kampar.
- Kiosksal ved ordinære kampar er dei enkelte laga/lagleiarane sitt ansvar, og desse set opp evt. vaktlister for sitt lag.
- Kioskansvarleg har ansvar for innkjøp til kiosken og at det er tilstrekkeleg med varer i kiosken. Det går spesielt mykje varer på seniorkampane.
 - Innkjøp skal vere i tråd med Syril sine innkjøpsavtalar og sponsoravtalar.
 - Det skal kjøpast inn frukt for servering til heime/gjestande lag i pausen. Kvittering skal sendast til økonomiansvarleg i styret.
 - Disponerar kort/har løyve til å føre på Syril fotball sin konto hjå matbutikk.
 - Det skal vere eit sunt og rimeleg alternativ i kiosken, td. fruktbeger og saft/vatn, i tillegg til tradisjonell servering.
- Bistå i planlegginga av særskilte arrangement, m.a. planlegging, innkjøp, og veksle/rekneskap til arrangement. Miniputtturneringa er det største arrangementet.
- Oppdatering av kioskinstruks og prislister kvar vår. Kioskinstruks skal henge på veggen i kiosken og leggst ut på nettsida til Syril.
- Hovudreingjering/rydding kvar vår og haust, og elles sjå etter at utstyr og reinhald er ok, og at det er orden i kiosken. Melde i frå om manglar og skader.
- Vatnet vert stengt av om vinteren – avklare opning/stenging med anleggskontakt og informere ut til lagleiarar.
- Ansvar for kasse og vekslepengar. Ved behov hente ut vekslepengar/sette inn pengar i banken. Det skal liggje bok i kassen, der dei som har kioskvakt kvitterar for beløpet i kassen når vakta er avslutta. Oppslag om VIPPS-nr.
- Kioskansvarleg kan opprette ei gruppe som bistår med arbeidet.

13.15 Integreringskontakt

- Bindeledd mellom klubben og framandspråklege
- Vidareformidle informasjon som kjem frå klubben, lagleiarar og trenarar.
- Vidareformidle informasjon frå føresette til klubben, lagleiar og trenarar, ved å nytte tolketenester gjennom Flyktningtenesta og lagkameratar/foreldre som har same morsmål men som og beherskar norsk.
- Sjå til at kontingent/treningsavgift o.l. vert betalt, ev. v/flyktningtenesta.
- Hjelp til å organisere samkøyring til kampar/turneringar.

- Delta på møter ved behov, lagleiarmøter/oppstartsmøter eller styremøter.
- Integreringskontakt rapporterer til styret

13.16 Materialforvaltar

- Skal ha oversikt over alt utstyr som tilhører Syril Fotball.
- Skal organisere utlevering av utstyr ved sesongstart og innlevering av utstyr ved sesongslutt, supplere undervegs.
- Har fullmakt til kjøp av utstyr (i samsvar med avtalte rammer)
- Kontakt mot styret og økonomiansvarleg
- Vedlikehald av hjartestratar i ballrommet

13. 17 FIKS-ansvarleg

- Hovudansvar for at klubben nyttar FIKS slik som forutsett frå NFF
- Registreing av tillitsvalde og tilgangar
- Sjekke at spelarar vert registrert før 12 år
- Informasjon og opplæring av nye brukarar

13.18 Jentegruppe

Koordineringsgruppa for jentefotball i Syril skal bidra til å auke fokus og betra strukturen i jentefotballen i Syril. Gruppa skal ha ein sportsleg representant frå damelag til alle jentelag som spelar seriefotball i Syril. Sportsleg leiar i Syril fotball er ansvarleg for koordineringsgruppa.

Gruppa skal ha som hovudfokus å planlegge på tvers av kull og bidra til at vi legg til rette for jenter på alle nivå held fram med fotball lengst mogleg. Område som gruppa kan fokusere på er felles tilnærming til treningar/spelarutvikling og metodar for å innrette klubbmiljøet for å få minst mogleg fråfall i jentefotballen.

Koordineringsgruppa skal minimum møtast to gonger årleg for planlegging og koordinering. Haust for planlegging av kommande sesong og vår for å diskutere status på tvers av kulla. Sportsleg leiar i Syril er ansvarleg for innkalling.

I tillegg til arbeidet til koordineringsgruppa kjem det daglege samarbeide mellom årskulla.

Arbeidet med jentefotballen skal vera forankra i prinsipp nedfelt i sportsplanen. Dersom styret ønskjer å endre på eller utvide mandat og målsetjing for jentefotballen blir koordineringsgruppa involvert. Dersom koordineringsgruppa identifiserer konkrete tiltak som er viktige for å fremme jentefotballen blir desse lagt fram til handsaming i fotballstyret.

